

Frå: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]

Sendt: 08.08.2024 13:04:42

Til:

post@vlfk.no;post@skyss.no;post@fjord1.no;Post[post@vlfk.no;post@skyss.no;post@fjord1.no;post@kvinnherad.kommune.no]

Kopi:

Arve.Helle@vlfk.no[Arve.Helle@vlfk.no];malfrid.vik.sonstabo@skyss.no[malfrid.vik.sonstabo@skyss.no];Jon Askeland[jon.askeland@vlfk.no];Redaksjon

Kvinnheringen[redaksjon@kvinnheringen.no];Post Grenda[post@grenda.no];

Tittel: Invitasjon til folkemøte om ferjesambandet Årsnes–Varaldsøy–Gjermundshamn

Invitasjon til folkemøte om ferjesambandet Årsnes–Varaldsøy–Gjermundshamn

Ferja er livsnerva for Varaldsøy-samfunnet, og sambandet over Hardangerfjorden mellom Årsnes og Gjermundshamn er svært viktig for heile Kvinnherad kommune, men også den utvida regionen på Folgefonnhalvøya.

Over lang tid har situasjonen (særleg regulariteten) for ferjesambandet vore langt frå tilfredsstillande, med store konsekvensar for dei som er råka.

Kvinnherad kommune inviterer difor Vestland fylkeskommune v/ politisk leiing, samt Skyss og operatør Fjord1, til folkemøte på Varaldsøy om ferjeproblematikken.

Møtet finn stad på **Varaldsøy ungdomshus måndag 2. september klokka 19:00–21:00.**

Det vert enkel servering.

Kommunen ønskjer at fylkeskommunen og Skyss orienterer om kva ein gjer for å betra situasjonen, og det vert også lagt opp til orienteringar frå Kvinnherad kommune frå både politisk og administrativt hald.

Med ønskje og forventning om positiv tilbakemelding om deltaking på møtet.

Med helsing

Vegard Bjørnevik Ordførar

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.